

Detaljreguleringsplan for rv. 9 Neset

Reguleringsføresegner per 16.05.2024

Detaljregulering

PlanID: 202103

Forslagsstillar: Statens vegvesen, Drift og vedlikehald sør

1. Føremålet med planen

- 1.1 Hovudsiktemålet med planen er sikre areal for å kunne bygge ein trafikksikker og effektiv riksveg 9.

2. Fellesføresegner (pbl § 12-7)

2.1 Generelt

Reguleringsplanen inneheld eitt (1) reguleringsplankart i målestokk 1:2000 og desse føresegnene. Reguleringsplanen gjeld for følgjande vertikalnivå:

- Vertikalnivå 2 (VN2): på grunnen
- Vertikalnivå 4 (VN4): på botnen av sjø- og vassdrag

3. Føresegner for arealformål (pbl § 12-5)

3.1 Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (§ 12-5 nr. 2)

3.1.1 Fellesføresegner for samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur

Føremålsgrensene mellom arealføremåla «Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur» kan justerast i samband med detaljprosjektering/byggteknisk plan og ved gjennomføring av anlegget. Endringane må ikkje gå på kostnad av transportfunksjonen og trafikktryggleiken. Justeringar skal dokumenterast.

Sideterrenget langs vegen skal revegeterast. Det skal leggjast til rette for naturleg revegetering. Jorda må handsamast i tråd med tilrådingar for naturleg revegetering.

Gamle vegsløyfer kan nyttast til parkering i samband med turvegar.

Alle areal som er regulerte til Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur kan nyttast til rigg og drift i samband med utbygging av anlegget.

4. Føresegnområde (pbl § 12-7 nr. 1)

4.1 Føresegnområde - mellombels bygg- og anleggsområde, #1-3

- Område merkte med føresegnområde #1-3 kan i anleggsperioden nyttast til verksemd som er naudsynt for anleggsdrifta. Det skal ikkje hoggast innanfor områda før det er naudsynt.
- Område # 2 omfattar areal innanfor Botnfjellet naturreservat og det er naudsynt med løyve til tiltak (dispensasjon gjeve av Statsforvalter).
- Mellombels bygg- og anleggsområde avsluttast når tiltaket er ferdigstilt, og arealet går attende til underliggjande føremål. Kommunen skal gjere vedtak om avslutting av mellombels bygg- og anleggsområde, jf. pbl §12-7, 1. ledd nr. 10 når dei har fått skriftleg melding om at anlegget er ferdigstilt.
- Overflata på alle områda skal settast i stand og tilbakeførast til underliggjande føremål.

5. Rekkefølgjeføresegner

5.1 Mellombelse bygg- og anleggsområde

- Det kan ikkje settast i gang tiltak innanfor område #2 før det er gjeve løyve til tiltak etter Forskrift om vern av Botnfjellet naturreservat.
- Mellombelse bygg- og anleggsområde skal vere sette i stand til regulert bruk seinast 1 år etter at veganlegget er ferdigstilt.